

# KIRKEBLAD

FOR

## DAVIK

Nr. 18	Utkommer hver måned	Mars 1932	Utgiver og redaktør: <b>Sogneprest Slaattelid</b> Davik	3. årg.
--------	---------------------	-----------	---	---------

### I fastetiden.

Ditt kors, o Krist, blev verdens sol,  
dets lys ei grense kjenner.

Ditt kors, o Krist, blev ærens stol,  
hvor livets lue brenner.

På korset åpner du din favn  
for hver forvillet synder.

Fra körset i din Faders navn  
du verden fred forkynner.

Og frøs enn alle hjerter til,  
blev lukket alle hender,  
din kjærlighet dog varm og mild  
mot hele verden brenner.

La slukkes alle lys på jord,  
la stenges alle veie, —  
den som har funnet korsets spor  
har evig nok i eie.

Edin Holme.

### Opstandelsen og livet.

Jesu Kristi ord: »Jeg er opstandelsen og livet» er et av vår Herre og Frelsers mest kjente utsagn. Opstandelsen nevnes først, ti hans venn Lazarus var jo død og begravet. Og opstandelsen måtte derfor gå forut for livet på ny. Og Kristus viste da her sine venner, at han er opstandelsen og livet ved å vekke Lazarus op av graven og gi ham livet påny. Også når det gjelder »Kristus, vårt liv», vekker han først op til åndelig liv og lever så i oss. Og i dette livssamfund med Kristus sikres vi også opstandelse av døde og evig liv.

Hvor Jesus Kristus og hans evangelium er ukjent, der er åndelig død og intet håp for evigheten. Men hvor evangeliet for-

kynnes, der vekkes alltid menneskene påny. Ti gjennem evangeliet virker Herrens ånd, og hvor Herrens ånd er, der er frihet. Der brytes syndens, dødens og Djævelens makt, og menneskene kan følge kallet til å stå op og gå til sin Far. De som omvender sig og tror, gjør også dette. Den åndelige opstandelse kommer foran det åndelige liv. Kristus er midleren både for opvekkelsen og omvendelsen og for livet i Gud. De som tror, får også evig liv.

Men til det evige livs herlighet må også vi som er Guds barn gå gjennem døden. Vi lengter nok tidt og stirrer gjennem ruten som vender mot himmelen. Men døden står imellem og stenger. Imidlertid synes døden for Guds barn ofte å komme »mild og blid». Og vi har rett å be: »Min Gud, gjør dog for Kristi blod min siste avskjeds-time god.« Og da har du rett å vente, at Gud som har gitt dig nåde til å leve i Herren, også vil gi dig nåde til å dø i Herren. Vi har da også inntrykk av, at selve døden ikke betyr noget. Den er å slukne stilt, som et lys. Derfor taler heller ikke Kristus om døden, uten om sin egen død som en soning for all verdens synd.

Men derimot har han uttrykkelig sagt, at de som lever og dør i Herren etter skal opstå. Derfor vet vi, at når Kristus er vårt liv, da er døden en vinning. Når Han er vårt liv, da lever vi også her på jorden livet som rekker inn i evigheten, — det evige liv. Derfor vet vi også, at vi skal få være der hvor han er og hvor vår skatt og vårt hjerte er, når han kaller oss ut av denne verden. »Dersom du tror, skal du se Guds herlighet.«

Efter biskop Fleischer  
(i N. Mis.tid).

### Våre søndager. II.

2. Det andre som kirken lærer oss er, at vi så vidt mulig må hvile på søndagen fra alt arbeide. Jeg sier: »så vidt mulig,« for det er jo klart, at der er en hel del ting som må gjøres, i huset o. s. v. Men det som ikke er nødvendig skal man sløffe eller utsette.

Når vi således har gjort vår plikt på søndagen ved å være med ved gudstjenesten i kirken eller i hjemmet og ved å hvile fra arbeidet, så har vi også lov til å bruke den til det som ellers er hyggelig og forfriskende for sjel og legeme. Uskyldige fornøyelser, lek, glede og munterhet er noget som hører til på en søndag, når man bare først har utført sin kristenplikt på den rette måte.

En viktig ting er, at vi bør bruke nogen tid hver søndag til åndelig lesning, både til fremme og hjelp for vårt eget kristenliv, og for at vi på en rett måte skal kunne forsøre og bere vitnesbyrd om vår tro. Der er nok av dem som angriper kristendommen, og det kommer oftest av at de er uvitende om dens virkelige innhold. Derfor er det en stor fordel, om vi er i stand til å forklare og forsøre vår tro for andre, når den angripes og misforstås. Men det er vanskelig uten lesning av passende skrifter og bøker. Nettop på søndagen er sådan beskjeftigelse på sin plass.

En av de ting som viser den avkristning som foregår i våre dager, er den vanhelligelse av søndagen som blir mere og mere almindelig. Gudstjenesten forsømmes, Guds ord stenges ute av hjemmene, Gud gir man ikke en tanke. Herrens dag blir ens egen dag, brukt bare til moro og tomhet og så ofte til synd. Nettop fordi strømmen går i den retning, gjelder det så meget mere for alle som vil være virkelige kristne, at de bruker søndagen rett, at de er samvittighetsfulle og pliktopfyldende. La oss tenke på det og handle derefter.

Fra engelsk.

---

Hvis menneskene skulde dømmes av hverandre, så er det meget mulig at slett ingen vilde komme inn i himmelen.

---

### Den nye biskop.

Som ein veit er sokneprest Andreas Fleischer utnemnd til biskop i Bjørgvin.



*Biskop Andreas Fleischer*

vart fødd i 1878 i Øvre Stjørdalen, der faren var prest. Han vart student i 1896 og teologisk kandidat i 1902. Frå 1904 til 1912 var han misjonær i Kina. Han var sokneprest i Fitjar 1912—17, i Stord 1917—22 og sidan i Brunlanes.

Lat oss hugsa på vår nye biskop i våre høner. Måtte Gud gjeva honom kraft og nåde i hans høge kall, so alt hans arbeid vert til Guds ære og til gagn for kyrkja i bispedømet.

### Venen min, han Knut.

Eg kjende den mannen frå eg var ein neve stor. Han var ein stillfarende, godslig og heilt reideleg kar, so det kunde vera god grunn til å lika honom. Men der var noko som eg og alle av mitt livssyn ikkje kunde fordraga. Kva det var vi ikkje likte, kunde vi ikkje so godt finna ord for. Men vi likte honom ikkje. Han Knut var ein bónemann. Preikte gjorde han aldri; men på uppbyggingsmøte var han mykje nytta, til å byrja eller slutta med bøn. Ordi han brukte var einfelde, ofte kanskje måteleg velforma. Men det var underleg kva dragande makt dei hadde på oss. Det kjendest so, at denne mannen hadde Gud i tale og ein open himmel over seg. Når eg no,

av og til har tenkt på dette, so har eg skyna Abels ofring, at røyken steig beint til himmels. Hadde vi Kains sinn? Var det dette, at han Knut var ein ærleg uppriktig kristen, vi ikkje likte? Ja det var nok det; men eg trur knapt vi var heilt klår over det, sjølve.

So hende det under, at eg og vart ein slik bønemann. Då kan de tru, at han Knut og eg vart gode vene, endå han var over 40 år eldre. Når vi treftest og det var høye til meir intim samtale, vart det alltid det same tema: Vomi um eit saligt liv etter dette og kva grunn vi hadde for denne von. Det vart då dette eime: Nåde, nåde, for Jesu skuld. Han Knut klaga då alltid over sitt steinharde og kalde hjarta. Den som berre kunde vore varm og ihuga for alt godt! Jan visst hadde han på ein måte hug a gjera det gode, ja gjorde det og. Men so tvunge og kaldt. »Korleis er det med deg då,« spurde han, og eg fortalte so mi røynsla. Det enda med, at vi ofte gjekk rikare kvar til seg. Mangein gong har eg kome ihug, at han Knut var lik brura i Høgsongen som klagar at ho er »sort men dog yndig.« Han var svart i eigne augo, men han trudde at han skulde verta »yndig« ved reinsingi i Jesu blod.

So fekk han dødssjukdomen sin, ein hard sjukdom. Av og til lyddest eg um venen min, for vi hadde hugnad av det både two. Ein dag eg kom, såg eg med same eg let upp døri, at han var i ei uvanleg stemning. Heile andlitet, det som var synlegt og ikkje var göymt av forbindingane, var eit einaste smil. Eg helsa og spurde kor det stod til. »Godt,« sa han. »Kva er det som er godt? Sjukdomen?« »Nei, den er det ikkje so nogje med,« svara han. »Som du veit lyt eg no sitja fremluft natt og dag, og når eg vakjer, som eg gjer det meste av tidi, so sit eg her og bed, og du veit at eg har alltid tykt at det har set myrkt ut. Av og til har eg fått liksom ein lette og ljoske. Eg visste, at alt var greidt på Guds side; men det var ikkje so greidt på mi side, ein slik uverdig ein som eg. Men i natt eg sat her og bad, sekk eg svar. Det vart sagt meg: »Søn, vær frimodig; det er Faderen velbehageligt at give dig riket. Tenk, velbehageligt å gjeva meg riket! Til meg

vart det sagt, her inne i sjæli. So sikker er eg, at um det stod skrivé her på sengteppet med eldbokstavar vart eg ikkje sikrare. Eg vart so glad, vart fyllt med ei slik useieleg glede og takk; eg har havt arbeid med å takka sidan. Gudsordet du! Det er godt å kunna. Når anden får gjera ordet levande, då vert det sjælemat. Eg kjende ikkje att verken heller ei heil stund.« Det kom liksom ein skugge over andlitet og han sa: »Det kan vel endå koma tunge stunder; men so veit eg at Gud Fader har hugnad av å gjeva meg og alle, som vil verta reinsa i Jesu dyre blod, riket sitt.«

I denne tru døydde venen min, han Knut, og no takkar han heime i riket for »frelsen full og fri.«

k.



### Våre døde.

- 12. januar: Rasmus Olsson Hestenes, Rugsund, gift gbr., f. 1862, lungbrand.
- 18. januar: Søgni Hansdtr. Maurstad, kona til Rasmus J. Maurstad, f. 1861 på Lund i Eid, hjartesjukdom.
- 8. februar: Johanne Olsdtr. Ervik, kona til Arne Ervik, f. 1872 i Eid, blodforgiftning.
- 10. februar: Ole Olsson Gilleshammar, g. gbr., f. 1865, giktfeber.

**Ver då de og ferdige, for menneskjesonen kjem i den time som de ikkje tenkjer.** Mat. 24.44.

### Notistar.

**Ungdomshjelpa.** Noko av det verste som ein i var tid har å takast med er den store arbeidsloysa. Det er syrgjeleg nar folk som gjerne vil arbeida ikkje kan få noko å gjera. Ikkje minst er dette ei uhukke for dei unge, som ser alle vegar stengde for seg. Her trengst det i sanning hjelp, ikkje berre offentleg, men også privat. Den norske kyrkje har difor og teke opp denne saká. Biskopane hadde henne fyre på siste bispmøte og vedtok denne fråsegn: »Bispemøtet anbefaler, at der fra departementet utgår opfordring til å holde ofring i alle kirker for å skaffe midler til produktivt arbeide for arbeidsløs ungdom. — Etter Jesu eksempel må enhver kristen gå inn i dyp sosial solidaritet med alt lidende menneskeliv. Det er en fidelse for ungdommen at livet ikke synes å ha bruk for dem. På alle måter må hver især söke å åpne arbeidets porter for villige hender. Mere enn nogensinde trenges det, at vi står last og brast med hverandre og i gjerning viser dette.«

Her i Davik vert det venteteg ofring til Ungdomshjelpa i alle kyrkjene i påska. Eg vil gjerne retta ei serleg bøn til alle um å leggja godviljen til og vera med ved ofringa. Pengane går til produktivt arbeid, bureising o. l., innanfor bispedømet. Ein kan og stydja saka ved å kjøpa Ungdomshjelpa sine brevmerke som ein kan få hjå medlemene av sokneråda.

**Aalfot sokneråd** har til formann og varaformann for 1932 valt uppatt kyrkjesongar Bruland og Rasmus O. Myklebust. Kyrkjebudgettet vart oppsett soleis: **Utegg:** Brød og vin 10 kr., provsteløn 30, reinhald 30, assuranse 10, kol og ved 15, tilfeldige utgifter 50. — **Innkome:** Fisketiente 45. — Til utlikning 100 kr. — Ofringar i 1932 vert til Ungdomshjelpa i påska, til helselaget i pinsen og til sjømannsmisjonen i haust. — Til medlem av ein komité for Ungdomshjelpa for prestegjeldet vart vald formannen.

**Rugsund sokneråd** har valt uppatt kyrkjesongar Hausle og lærar Husevåg til formann og varaformann. Budgettfraumleggat vart soleis: **Utegg:** Brød og vin 75, provsteløn 30, reinhald 150, brensel 100, assuranse 180, kasserarløn 20, renter og avdrag 2 500, organist og belgetredar 160, kyrkjetenor i Rugsund 40, tilfeldige utgifter 120, tilsamman 3 375 kr. — **Innkome:** Fisketiente 850, høy på kyrkjegården 25. — Til utlikning 2 500 kr. — Ofringar: I påska til helselaget, i pinsen til heidningmisjonen, i jola til Santalmisjonen i Totland og til Indre sjømannsmisjon i Rugsund.

**Davik sokneråd** har vedteke å ha ofring til Ungdomshjelpa i påska; den tidlegare vedtekne ofring til helselaget vart utsett til jol. Ole Wiik og Hilmar Kjøllesdal vart valde til medlemer av nemnda for Ungdomshjelpa.

**Basarar:** På Haus 13. jan. til Finnemisjonen kr. 103.20. — Rimstad og Maurstad krinsar 9. jan. til redningssaka 110 kr. — I Endal 17. nov. til umstreicharmisjonen kr. 59.28. — I Rugsund 6. des. til redningssaka 132.69. — I Levdal 2. febr. til sjømannsmisjonen 63.58.

**I Leirgulen krins** er i 1931 etter melding fra M. P. Leirgulen kome inn ved basarar: Til Finnemisjonen 57.60, til redningssaka 51.70, til heidningmisjonen 146.33. — Slike årsmeldingar vilde eg gjerne ha til bladet også frå andre krinsar.

**Sundagsskulen i Rimstad** hadde fest 17. januar i skulehuset.

**Til Davik indremisjonsforeining** kom inn i 1931: Utbytte av haustbasaren kr. 90.26; ofring i Davik joledag 30.53; renter av fond 30.28. — For 1930 vart sendt 100 kr. til Nordfjord fellesforeining.

**Til orgel i Davik kyrkje** er vidare innkome: Frå Peder K. Bøen 50 kr.; Marie Bakke 40 kr. (tidlegare 60 kr.); Anders H. Endal 40 (tidlegare 160 kr.); Johan Frimannslund 15 (tidlegare 35 kr.). — I banken er no kr. 7 443.97.

**For 100 år sidan.** Ektevigde: 6. febr. 1832: Tjenestedreng Jens Davigness, son til Rasmus An-

dersen Davigness, og Eli, dotter til Mons Monsen yttere Isene. — 25. febr.: Tjenestedreng Anthon Elde, son til Peder Anthonsen Elde, og Gunn, dotter til Ole Olsen yttere Isene. — Døde: 8. febr. Synneve Zachariasdr. Hessevogbakke 2 år gammal. — 19. febr. Lisbeth Pedersdr. Liesæter, vilkårskone, 76 år. — 20. febr. Gunn Pedersdr. Berle, kårkone, 88 år. — 16. febr. Abel Hansen Koldsætvig, huusmand, 63 år. — 21. febr. Paul Olssen Homborstad, gårdmand, 41 år. — 22. febr. Ole Hanssen Vingen, huusmand, 44 år. — 29. febr. Ragnilde Andersdr. Rødeggen, gårdmandskone, 66 år. — Kyndelsmessedag var det innskriving av konfirmantane frå Davik og Aalfot og 16. februar av dei i Rugsund. Sokneprest i 1832 var Magelssen.

#### Gudstenester og sundagspreiker:

Maria bodskaps. s., 13. mars: Totland og Hennøy. Palmesundag, 20. mars: Davik og Isane. Skirtorsdag, 24. mars: Rugsund og Totland. Langfredag, 25. mars: Davik og Aalfot. 1. påskedag, 27. mars: Davik og Aalfot. 2. påskedag, 28. mars: Rugsund og Totland. 1. sund. etter påske, 3. april: Aalfot og Kjølsdal.

Ved alle gudstenester altargang um nokon ynskjer det. Hugs på, at alle som meinat det ålvorleg med sin kristendom burde ta imot sakramentet ved påsketider, då vi minnest Herrens død og uppstode.

**Kvittering for kontingent:** Aalfot: Kari Vik, Marie Askvik 2 kr., H. M. Vik 5. — Torheim: Ole T. Torheim, Samuel Torheim, Synneve Torheim 2. — Isane: Martinus Isane 2.50; Rasmine Isane, Sigurd D. Isane 2. — Domhestein: J. Sunde 3. — Davik: Kyrkjesongar Daviknes, Marie Bakke, Johan Frimannslund 3; M. Gimmedstad 2; B. Berge 5; Hans R. Hamre 2.50. — Endal: Anton S. Endal, Mons Askeland, Kristen Askeland, H. Aarsdalbakke 3; Elias Askeland, Reid Endal 2. — Rugsund: Josef Elde 2.50; Andr. Benæs 5; Alfred Haugland 3; K. Smelvær 2. — Leirgulen: Severin Lofnes 2.50. — Bortne: Elling Bortne, Didrik Bortne 3. — Nordstrand: Karl Rødeggen 5. — Rimstad: Valdemar Totland 3. — Maurstad: Martinus Nore, R. J. Maurstad 5; P. Morsund, Jakob Heggedal 2. — Levdal: Jakob Aasnes, Peder K. Midthjell 2.50. — Haus: Kristen Ravnefjell 2.50; Anders E. Ervik 2; Anders Bjørkelo 3. — Kjølsdal: Ole Nordbø 2. — Reknes: I. Tømmerstøl 5. — Utanbygds: Søster Oline Vingelven, Oslo 3; Mina Nilsen, Nesttun 3; J. Høinæs, Bremanger 2.

Hjarteleg takk til alle.

**En sofapute**, gitt av Brita og Petra Benæs, utloddet til inntekt for Davik sanitetsforeining, uttrukket på lodd nr. 42, Gustav Nygård. —

Rett trekning bevidnes:

Leif Fløtre, Anders Bakke.